



Vegen mot Møreuniversitetet

Sjølv om det usannsynlege skulle skje at høgskulane i Møre og Romsdal i dag skulle bli einige om samanslåing, er det heilt urealistisk med universitetsstatus innan 2012, slik fylkespolitikarar har fabla om.

NYE UNIVERSITET. Med jamne mellomrom dei siste åra har fylkespolitikarar tatt til orde for at høgskulane i Møre og Romsdal må gå saman og arbeide for å bli universitet. Lenge hadde me berre fire universitet her i landet, men 1. januar 2005 vart høgskulen i Stavanger og Noregs Landbrukshøgskole på Ås universitet. To og eit halvt år seinare er det sørlendingane sin tur. Den 1. september føyer Universitetet i Agder seg til den utvida rekkja av norske universitet. Fem av desse no sju universiteta ligg då frå aksen Bergen–Oslo og sørover. Både den noverande og den førre fylkesordføraren har gått høgt på bana for at også Møre og Romsdal skal få sitt universitet. Slik har dei vilja gjere regionen meir attraktiv ikkje minst for ungdom, og på den måten redusere fråflyttinga og betre rekrutteringssituasjonen for næringslivet i fylket. I 2002 gjekk fylket tungt inn i det som vart kalla Høgskolesamarbeid Møre, eit samarbeid mellom høgskulane og fylket. Fylket sin visjon var at dette skulle munne ut i eit Møreuniversitet innan 8–10 år. Seinast for eitt år sidan heldt fylkesordførar Jon Aasen fast ved at Møreuniversitetet burde vere ein realitet innan 2012.

Tre byggjeklossar. Høgare utdanning er i dag sett saman av tre byggjeklossar: bachelorutdanningar (3-årig), masterutdanningar (2-årig) og doktorutdanningar (4-årig). For å få status som universitet må ein minst ha

doktorutdanning på fire område. I dag er det berre Høgskolen i Molde som har alle dei tre byggjeklossane, med doktorgradsutdanning i logistikk på toppen. Høgskulen i Volda har to av byggjeklossane med bachelor og masterutdanningar, medan Høgskolen i Ålesund har utdanningar berre på bachelornivå. Medan styra ved høgskulane i Volda og Ålesund sa ja til ei samanslåing mellom dei tre høgskulane, gjekk styret ved Høgskulen i Molde for nokre år sidan imot. Sidan høgskulane ikkje er fylkesinstitusjonar, men statlege, kunne fylket lite gjere med Molde sitt nei. Sjølv om det usannsynlege skulle skje at høgskulane i dag skulle bli einige om samanslåing, er universitetsstatus innan 2012 heilt urealistisk. Høgskulane i Volda og Molde har i dag ikkje ferdige planer for nye doktorgrader. Sjølve godkjenningssprosessen tar til vanlig eitt–to år etter at søknaden er levert, og deretter skal ein vise at ein kan utdanne kandidatane noko som til vanleg tar fire år. Eit Møreuniversitet i år 2012 er derfor heilt utanfor rekkevidd. Målet bør flyttast nærare 2020.

Statlege skular. For akkurat tre år sidan (25.8.04) antyda ein skuffa dåværande fylkesordførar Ole Øverland i denne avisa at årsaka til at høgskulesamarbeidet sprakk, var at eksterne representantar har mindretal i styra ved høgskulane: Då kunne vi truleg også unngå at enkeltpersonar på ein høgskule i praksis kan stanse eit viktig utviklingsarbeid for høgare utdanning i framtida, hevda han. At det er ein logisk brest i dette resonnementet, er ein ting (dei to høgskulane som gjekk inn for samanslåing, har og den same styresamansetjinga!). Noko anna er det at ein toppolitkar i fylket avslører at han skjønar lite av korleis akademiske



institusjonar vert bygde. For tre år sidan hevda Øverland også at det at høgskulane i praksis styrer seg sjølve, er «med på å forklare kvifor høgskolane har problem med å integrere si verksemd med det levande livet i fylket. Trass i mange forsøk så har det til no ikkje lukkast godt å spele på lag med nærings- og samfunnsliv». Også dette må vi tru var retta mest mot Høgskulen i Molde. Å påvise at denne høgskulen har lykkast dårlegare enn dei andre høgskulane i samarbeidet med «det levande livet» i fylket, trur eg kan bli vanskeleg. Eg trur heller ikkje høgskulane i Stavanger og Agder har blitt universitet fordi dei er flinkare på dette området. No høyrer eg sjølv sagt ropet om arroganse og elfenbeinstårn. Likevel må det vere lov å seie at erfaringa ved Høgskulen i Molde er at det først og fremst er fagpersonar og fagmiljøa som har stått for den utviklinga høgskulen har hatt. Eg trur dei deler den erfaringa ved dei andre høgskulane.

Fagfolka viktigast. Sjølv sagt er rammevilkår som mellom andre politikarane legg, sterkt medverkande, men den viktigaste byggesteinen i akademiske institusjonar (som universitet er) er og blir dei beste fagfolka. Å utvikle og konkurrere om desse blir neppe så mykje lettare om høgskulane blir slått saman. Å få fram stipendiatar tar tid, og å rekruttere professorar utanfrå er heller ikkje lett. Det er likevel på desse områda innsatsen må setjast inn dersom vi skal greie å byggje fleire og sterkare fagmiljø. Om ikkje politikarane våre skjønar kva dette betyr, blir vegen mot eit Møreuniversitet enda lenger. Når dei fleste ved Høgskolen i Molde har vore samde i styret sin strategi i denne saka, trur eg det heng saman med at ein såg at den prosessen som var i gang, fort ville ta energien vekk frå det viktige faglege arbeidet. Tenk berre på det vanskelege spørsmålet om lokalisering av ein felles administrasjon. Trur nokon at det ville bli ei enkel sak i vårt fylke? Kva ressursar ville gå med til dette? Svein A. Roseth meinte i 2001 at det ville vere naturleg å leggje

administrasjonen til Ålesund. Naturleg ut frå folketal og økonomisk tyngdepunkt, ja, men samstundes farleg ut frå at Ålesund meir enn nokon av dei tre studiestadane manglar akademisk tradisjon og miljø. Asymmetrien i akademisk tradisjon mellom høgskulane kunne fort gjere spørsmålet om lokalisering verre enn ein vanleg fogderistrid. Det var og vanskeleg å sjå nokon faglege strategi i det som var lagt fram, utover at ein skulle samarbeide meir mellom dei tre høgskulane. Høgskule- og universitetstilsette samarbeider mykje med kollegaer både innanlands og utanlands, ja også lokalt, men det er dei faglege oppgåvene og behova, og kven ein samarbeider godt med, som avgjer i kva retning samarbeidet går. Akkurat slik det er i næringslivet og. Geografiske grenser er mindre avgjerande enn nokon gong før.

Doktorgradsutdanning.

Doktorgradsutdanningar, som eit universitet altså må ha minst fire av, betyr å gi stipendiatar ei full forskarutdanning slik at dei etterpå kan drive forskning på eiga hand. Universiteta og høgskulane blir i dag målt på kor stor del av staben som har slik utdanning. Arbeidsmessig betyr ei doktorgradsutdanning at stipendiatar i løpet av fire år dels tek del i undervisninga (såkalla pliktarbeid), dels gjer eit forskingsarbeid som vert synleggjort i fire artiklar i internasjonale fagtidsskrift. Dette skjer under rettleiing frå ein tilsett som sjølv har doktorgrad. Sidan pliktarbeidet er berekna til tolv månader, ligg det i gjennomsnitt ni månader bak kvar tidsskriftsartikkel. Om doktorkandidaten skal kvalifisere seg vidare i høgskule- og universitetssystemet, og kanskje ende opp som professor ein gong, må han/ho halde fram med slikt tidkrevjande arbeid. Dette er arbeid fylkespolitikarane og avislesarane ofte ikkje ser noko av, og ein kan nok spørje kva som er den regionale verdien av dette arbeidet. Det er likevel slikt arbeid som må gjerast ved høgskulane våre, om vi nokon gong skal ha eit universitet.



Akademisk målestokk. Dei som skal verdsette arbeidet vårt, har ein internasjonal akademisk målestokk, ikkje ein regional. Sjølv om dei vil det så vel, så er dessverre fylkespolitikarane si hand av og til også noko klam når ho synest krevje at det meste av det vi gjere skal vere direkte til nytte for næringsliv eller forvaltning i regionen. Er det ikkje bra nok at me av og til berre gjev folk god utdanning og har tilsette som bur her og betaler skatt? Det er vel også bra for regionen? Eg har ikkje merka nokon sterk motstand mot visjonen om eit Møreuniversitetet ved Høgskulen i Molde, men trua på at det kan komme noko godt ut av ein forhasta og toppstyrt prosess utan forankring i dei fagmiljøa som må gje eit universitet innhald er lita. Den førre fylkesordføraren og fylkestinget hans skal rett nok ha ros for at dei for nokre år

sidan etablerte eit kompetansefond på 50 millionar som har kome høgskulane til gode. Fylkespolitikaren Gunn Berit Gjerde har likevel rett når ho til NRK Møre og Romsdal nyleg sa at regionen må bruke mykje meir pengar til å bygge opp kompetanse, for eksempel gjennom fleire doktorgradsstipend. I Agder, Nordland og Rogaland har dei gjort dette i større omfang og over lengre tid enn det som er tilfelle hos oss. Universitet kan berre byggjast nedanfrå av dyktige og visjonære fagfolk som får rammevilkår til å utvikle fag og fagmiljø. Om vi ikkje greier det, er vi heller ikkje modne for eit Møreuniversitet.

HALLGEIR GAMMELSÆTER

er professor i samfunnsendring, organisasjon og leiing ved Høgskolen i Molde.